

Informasjon om samarbeid mellom pleie- og omsorgstenesta i kommunane og Den offentlege tannhelsetenesta

I 2006 vart det signert ein formell samarbeidsavtale mellom Den offentlege tannhelsetenesta og kommunane i Møre og Romsdal. Dette vart gjort for å kvalitetssikre tannhelsetilbodet til mellom anna eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og i heimesjukepleie.

Det vert fleire eldre, dei fleste med eigne tenner, og mange treng hjelp til tann og munnstell. Dette gir ei auka utfordring både for tannhelsepersonalet og pleie og omsorgspersonalet i kommunane. Det blir fleire eldre som bor heime lengre enn tidlegare som treng hjelp og tilsyn, også i tann og munnstell.

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2013 ein ny regional delplan for tannhelse som mellom anna tek for seg desse utfordringane og behovet for ei endå meir målretta samhandling med kommunane i det førebyggjande og helsefremjande arbeidet.

Folkehelselova skal sikre eit systematisk folkehelsearbeid i regi av både kommune, fylkeskommune og statlege helsemyndigheiter.

I Helse og omsorgstenestelova kap.7 om individuell plan, står det at kommunen skal utarbeide ein individuell plan

for pasientar og brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Vidare står det at kommunen skal samarbeide med andre tenesteytarar om planen for å bidra til eit heilskapleg tilbod for den enkelte.

Tannhelsetenestelova seier at fylkeskommunen skal bidra til god folkehelse ved å arbeide for at befolkninga har kunnskap, ferdigheiter og haldningar som set dei i stand til å oppretthalde god tannhelse heile livet.

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

I samband med dette har ei arbeidsgruppe av tannhelsepersonell og ein representant frå pleie- og omsorgstenesta revidert samarbeidsavtalen og prosedyrer som skal kvalitetssikre det førebyggjande og helsefremjande arbeidet mellom tenesteområda. Arbeidet er utarbeidd etter tilbakemeldingar frå tilsette i tannhelsetenesta, og gjennom ei evaluering av eksisterande samarbeidsavtale frå avdeling og driftsleiarar i institusjon og heimesjukepleia i kommunane.

Lover og nasjonale føringar som styrer arbeidet

- Lov om tannhelsetjenesten (1983)
- Lov om helse- og omsorgstjenester (2012)
- Lov om pasient og brukerrettigheter (1999)
- Lov om helsepersonell (1999)
- Lov om folkehelsearbeid (2012)
- Veilederen «Tenner for livet» IS-2659
- Veileder «God klinisk praksis i tannhelsetjenesten» IS-1589
- Veilederen «Kvalitet i pleie og omsorgstjenestene» IS-1201
- Forskrift om vederlag for tannhelsetjenester i den offentlige tannhelsetjenesten (1984)
- Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstjenesten (F27.06.2003 nr 792)
- Forskrift om individuell plan (F23.12.2004 nr 1837)
- St.meld. nr.35 (2006-2007) Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning, Framtidas tannhelsetjenester
- St.meld. nr 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen
- St.meld. nr 34 (2012-2013) Folkehelsemeldingen
- St.meld. nr 10 (2012-2013) God kvalitet-trygge tjenester-kvalitet og pasientsikkerhet i helse og omsorgstjenesten
- Regional delplan tannhelse for Møre og Romsdal fylkeskommune.(15.10.2013)
- Partnerskapsavtalen Mellom *Møre og Romsdal fylkeskommune* og *kommunane* for gjennomføring av God Helse programmet for perioden 2013-2016

